



Ulla Skulehus
Skjipa 11. april 2009

Haramsøy
Bygd i 1886

ÅRSMELDING 2014/2015

1. Årsmøte 7. juni 2014

Årsmøtet vart halde på skulehuset.

2. Styremøte 2014/2015

Styret har hatt 2 møte siste året.

3. Kulturelle aktivitetar

Skulehuset vart nytta til kviss-konkurransse fredag på Ullafesten. Dette ser ut til å bli ein tradisjon. Laurdag på Ullafesten var det konsert med Ålesund ballroom orkester. Dette vart svært vellykka i det fine veret med utekonsert. Det vart også ein del inntekter til skulehuset frå dei mange oppmøtte.

4. Dugnad og vedlikehald

Den 31. mars 2015 var det dugnad. Vi skifta vannstokkar på tre veggar og en del bordkledning som var råteskada. Den 2. mai 2015 stod Ulla Skulehus ansvarleg for dugnad med strandrydding på Ulla. Det var godt oppmøte, og masse skrot vart samla opp og fylt i ein container. Kanskje er det behov for ein årleg dugnad. Dette må vi kome tilbake til.

5. Økonomi

Vi har pr 30. april 2015 til saman 72 medlemmer. Det er ganske stabilt, men vi tek gjerne mot fleire medlemmer. Vi hadde inntekt av medlemskontingent og sal av vaflar og kaffi i samband med Ullafesten samt inntekter i samband med konserten på skulehuset under Ullafesten. I siste året var det eit overskot på drifta på kr 14 757,79. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2015 var det kr 72 493,04 innestående på bankkontoen. Sjå rekneskap for 2014/2015.

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: ullanett.com

For styret 10. mai 2015

Knut Hallvard Ulla
styreleiar og kasserar